



Sokneprest Lina Håland saman med vikarorganist Rut Solveig Bergane frå Åkra.

Ei gudsteneste på 1. påskedag vert rekna til ei av fleire høgtidsgudstenester i året. Den tolvarma ljosekruna i koren er tend. Altarbordet er pynta og ein av Grundtvig sine mest kjende salmar, Påskemorgen slukker sorgen, høyrer alltid med kvar gong vi skal minnst Jesu oppstode. Teksten frå Matteus kap 18 skildrar då to kvinner kjem og finn grava tom. Dei møter engelen, som fortel kva som har skjedd.

Hendinga påskemorgon er eit mysterium som ikkje kan forklarast med menneskeleg vit og fornuft. Jesu oppstode førte til eit nytt liv i Guds rike, siger over døden og ei fornya jord der menneske er bodberarar med si von, tru, lengsel og tvil.

Den unge Rut Solveig Bergane frå Åkra var vikarorganist i dag. Ho er sjølvlært på orgel. Rut Solveig har spelt litt i Åkra kyrkje før, Uskedalskyrkja var ny for henne. Preludiet var Forspel til salmen Krist stod opp av døde. Til utgang spelte organisten Variasjon av Livet vant.

Kyrkja er internasjonal. Det fekk vi høyra i dag i kyrkjebenken då både Fader Vår og Truvedkjenninga vart sagt fram både på tysk og norsk.

Dei frammøte i kyrkja i dag fekk møta ein soknerådsmedlem som var nær døden for tre veker sidan. Sigmund Myklebust stod fram og takka for livet. Familien, vener og hjelpemannskap kom raskt til berga truleg livet hans. Sigmund takkar alle for gode tankar og omsorg. Han vil at vi skal vera takksame og ha fokus på det positive i livet.

Vitnemålet til Sigmund Myklebust fortel noko om den oppgåva ein kyrkjelyd har med å vera inkluderande, gje hjelp og syna trøyst når livet kan vera vanskeleg.

Tekt/foto/nett: Kristian Bringedal



Den tolvvarma ljosekruna i koren vert brukt på alle høgtidsgudstenester.